

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.11.2024 24/7306- 27 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
27/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	27.11.2024

ORIENTERINGSSAK - Arendalsuka 2025 - status

Vestlandsrådet - arbeidsutval 27.11.2024 - sak 27/24

Behandling

Iver Jan Leren la fram status per no. Same fartøy og plassering som i fjor tilgjengeleg. Større moglegheit for val av tidspunkt for arrangement so tidleg. Ein må vere forberedt på høgare kostnad – antyda inntil 500.000 for opp til 3 arrangement. Det vil truleg ikkje være topp-politikarar tilgjengeleg for arrangement tidleg måndag. Partileiardebatten blir i 2025 lagt til måndag 11.august.

Det var deretter ein kort diskusjon med følgande føringar;

- Skissert pris for høg, må forhandlast ned
- Avgrense til 2 arrangement – eit samferdsel og eit næringsrelatert
- Ferjefri E39 eitt av tema, men ikkje på måndag da ein ønskjer politisk deltaking på høgt nivå

Vedtak:

AU tek saka til orientering og ber administrasjonen ta med dei føringar som framkom i diskusjonen med i det vidare arbeidet.

Innstilling:

AU tek saka til orientering

Bakgrunn

Etter plana skulle det leggest fram eit endeleg opplegg til dette møtet jamfør tidlegare vedtak. Men det har vore usikkerheit knytt til lokalitet då endeleg opplegg for Rygr Elektra ikkje har vore klart.

I møtet vil prosjektleiar Iver Jan Leren informere om status.

Vedtak i Vestlandsrådet Arbeidsutval 09.10.2024:

«Endeleg forslag til opplegg leggest fram av administrasjonen til møtet i AU 27.11.2024.

Det var einigheit om at eit arrangement bør leggest til formiddag på måndag, for mest mogleg merksemd frå publikum og media. Eitt av tema børre være knytt til ferjefri E39.»

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør